



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2024/1566-1

Sakshandsamar: Arvid Moen

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap Kommunestyre		

Kommunalt tilskot til drift og vedlikehald private veger - vurdering av tiltak

Saksframlegg godkjent 19.11.2024.

Finn Arne Askje
kommunedirektør

Vedlegg

- 1 Retningslinjer fyresdal kommune på Tilskot til drift og vedlikehald av privat veg.
- 2 Retningslinjer Vinje kommune på Tilskot til drift og vedlikehald av privat veg
- 3 Retningslinjer+Tilskot+til+drift+og+vedlikehald+til+privat+veg

Bakgrunn for saka

Bakgrunn for saken er vedtak i KS sak 01/24:

«Administrasjonen skal i løpet av 2024 legge fram ei sak om moglege støtte til vedlikehald av private vegar.»

Saksutgreiing

Administrasjonen har sett på kva andre kommunar i Vest Telemark har av tilskot til drift og vedlikehald av private vegar.

Vedlagt retningslinjer for Vinje, Fyresdal og Seljord kommune. Desse er ganske likelydande og me legg dette til grunn for moglege retningslinjer.

Som veg reknast privat vegsystem frå offentleg veg med alle samlevegar og greiner som tener ein eller fleire bustadar med fast heilårs busetnad. Når det er fleire interesser enn ein husstand til vegen er det krav til veglag med føresegner godkjent av kommunen for utbetaling av tilskot. Veglag skal ha leiar, kasserar og eigen bankkonto. Tilskotet blir utbetalt til veglaget sin konto. Vegen det vert søkt tilskot til må ha ei minimum lengde på 500 meter frå offentleg veg og til fyrste heilårs bustad.

Eksempel: Lengda som vert grunnlag for tilskot vert redusera med 200 meter for kvar husstand utover ei veglengde som overstig 500 meter. Lengda kan reduserast for anna industri, næring, kraftproduksjon og liknande med ei lengde som skal stå i høve til omfanget av tiltaket. Det vert ikkje løyvd noko tilskot for vegar som ikkje er opne for almann ferdsel. Herunder vegar der det er innført bomavgift eller annan type avgift.

Ein må regne med kostnader på ca. 500 000 kr på eit tiltak som eksempelet over. Dette er pengar som ikkje ligg på ramma til planområde 5 i dag. I KOSTRA er vedlikehald av kommunale vegar i Tokke kommune allereie høgt, grunna talet på km kommunal veg. Me ligg under snittet for vedlikehald av kommunale vegar pr løpemetar.

Dette er heller ikkje ein av dei primære oppgåvene til kommunen.

Konklusjon

Ut ifrå den økonomiske situasjonen til kommunen og at dette ikkje er primære oppgåver til kommunen.

Kommunedirektørens tilråding

Tokke kommune vedtek og ikkje innføre tilskotsordningar for drift og vedlikehald av private vegar.